



**TOKKE
KOMMUNE**

Melding om vedtak

Landbruksdepartementet

boks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruksdepartementet	
Doknr.: 2003/ 2997	Doknr.: 11
Mottatt: 2 / NOV 2003 ASR/BS	
Saksbeht.: TIN	Ark.: 486
Kont:	Ansht:

<i>Løpenr</i>	<i>Saksnr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Seksj/sakb</i>	<i>Dykkar ref</i>	<i>Dato</i>
6794/03	03/01444-2	V12	SEN-NÆR-SVB		26.11.2003

Særutskrift: Høyring - Utkast til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot ti miljøtiltak i skogbruket.

Etter fullmakt

Sverre Bakke
Skogbrukssjef



TOKKE KOMMUNE

MØTEBOK

NR	ORGAN	SAK NR	Møtedato
1	Formannskapet	03/146	19.11.03

Sakshandsamar : Sverre Bakke
Arkivsak: 03/01444
Arkivkode: V12
Løpenr: 6592/03

Høyring - Utkast til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Saksgang:

Formannskapet

Dokument i saka:

Nr. 1.Høyringsskriv
Nr. 2.Forskrifter (vedlegg)

Saksopplysningar:

Frå 1.januar 2004 får kommunane, jamfr. Stortingsmelding nr. 1 2001-2002, overført ei rekkje nye oppgåver innan landbruksforvaltninga.
Overføringa gjeld vedtaksmynde for saker som krev lokalpolitisk skjønn.
Alle konsesjonslovs- og delingssaker etter jordloven og saker etter skogloven (unnatekje verneskoggrensar), skal etter dette avgjerast på kommunalt nivå.

Tilsvarande gjeld for dei økonomiske verkemidla; miljømidlar under Landbrukets utviklingsfond (LUF) og skogmidlane under LUF.

Stortinget ynskjer med dette å styrkje det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet, gjeva kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver, og samtidig bidra til betre målretting og effektivisering av statleg verkemiddelbruk.

Som følge av desse endringane vil kommunane frå og med 2004 få tildela ei årleg disposisjonsramme frå Fylkesmannen som vil omfatte miljøtiltak i landbruket, nærings- og miljøtiltak i skogbruket og skogbruksplanlegging. Bruken av desse midlane skal forvaltast med grunnlag i dei forskrifter som det no er høyring på. Som det går fram av utkasta til forskrifter så vert det gjeve stor fridom til å prioritere mellom dei ulike tiltak, fastseta tilskotssatsar og nærare kriteriar og eventuelle vilkår for tilskotet.

Det er imedan gjeve nokon avgrensingar på bruken av tilskot til skogbruket. Eit av desse er at tilskot til vegføremål ikkje kan utgjera meir enn maksimalt 50 % av det tildela beløp til

skogtiltak i den enkelte kommune. Det er heller ikkje høve til å gjeva tilskot til verken planting eller til drift i vanskeleg terreng.

Vurderingar:

Vi ser denne overføringa som positiv for å vitalisere og styre landbrukspolitikken lokalt i kommunen. Kommunen får no tilført verkemiddel både innanfor skogbruket og jordbruket. Vi er imedan ikkje glad for dei avgrensingar som departementet har føreslege på skogmidlane. Vi er sterkt imot den avgrensinga som er sett at bare 50 % kan brukast til vegføremål.

I Tokke vil det i åra framover vera ein stor trong for opprusting av skogsbilvegar.

Vi fekk i 2002 totalt kr 474 786,- i statstilskot utanom tilskot til drift i vanskeleg terreng. Av desse var kr 359 967,- til vegar. Dersom vi får ei avgrensing på tilskot til veg med 50 % og mindre midlar, så vil det gå ut over vegnettet i skogen. Når tilskotet til drift i bratt terreng vert borte og tilskotet til vegar vert avgrensa, så vil dette vera ei ytterlegare forverring av vilkåret for å drive skogen i kommunen.

Vi meiner at denne avgrensinga på 50 % må bort og at tilskotet til drift i bratt terreng må vidareførast. I Tokke er det miljøvenleg å drive lisidene med taugbane i staden for å bygge vegar.

Det er vår oppfatning at når ein overfører verkemiddel med den grunngjevinga som er gjeven, så skulle ein også ha gjeve kommunen høve til å fordele SND- og BU midlar. Fyrst då vil ein bidra til betre målretting av statleg verkemiddelbruk.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak for Formannskapet:

Formannskapet i Tokke helsar delegeringa av verkemiddelbruken i landbruket velkomen. Ein ser positivt på at kommunen no får midlar og ansvar i høve til å føre ein meir aktiv landbrukspolitikk. Formannskapet meiner at denne prosessen fyrst er avslutta når kommunen får hand om SND- og BU – midlane. Fyrst då kan ein føre ein målretta lokal landbrukspolitikk som kan taka fatt i lokale utfordringar.

Formannskapet har følgjande framlegg til endring av forskrift for skogbruket :

1. Avgrensinga på bruken av midlar til skogsvegar vert tekje bort. Grunngjevinga er at Tokke med sin topografi, treng i periodar, større midlar til veg.
2. Kommunen meiner òg at tilskot til planting og drift i bratt terreng bør vidareførast. Når det gjeld planting så er dette svært langsiktige investeringar. Drift i bratt terreng med taugbane er ei miljøvenleg driftsform som treng støtte.

-----Dette er slutten på Innstilling – ikkje slett denne linja -----

Frå handsaminga i Formannskapet - 19.11.2003:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 19.11.2003:

Formannskapet i Tokke helsar delegeringa av verkemiddelbruken i landbruket velkomen. Ein ser positivt på at kommunen no får midlar og ansvar i høve til å føre ein meir aktiv landbrukspolitikk. Formannskapet meiner at denne prosessen fyrst er avslutta når kommunen får hand om SND- og BU – midlane. Fyrst då kan ein føre ein målretta lokal landbrukspolitikk som kan taka fatt i lokale utfordringar.

Formannskapet har følgjande framlegg til endring av forskrift for skogbruket :

1. Avgrensinga på bruken av midlar til skogsveggar vert tekje bort. Grunngevinga er at Tokke med sin topografi, treng i periodar, større midlar til veg.
2. Kommunen meiner òg at tilskot til planting og drift i bratt terreng bør vidareførast. Når det gjeld planting så er dette svært langsiktige investeringar. Drift i bratt terreng med taugbane er ei miljøvenleg driftsform som treng støtte.

Utskrift sendt:

Landbruksdepartementet

Fylkesmannen

Postmottaket

Fra: Sverre Bakke [sverre.bakke@tokke.kommune.no]
Sendt: 26. november 2003 15:26
Til: Postmottaket
Emne: saksnr.200302997



6794030.DOC

Oversender med dette uttale frå formannskapet i Tokke kommune vedk høyring på utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Sverre Bakke
skogbrukssjef